



Arkivnr: 2015/203-1
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av obligasjonslån 360 mill. kr

Samandrag

Eit 2-årig obligasjonslån på 360 mill. kr har forfall 12. januar 2015. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit obligasjonslån tilrettelagt av Swedbank First Securities.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 360 mill. kr vert refinansiert med eit obligasjonslån tilrettelagt av Swedbank First Securities. Renta er 3 mnd. Nibor + 0,10 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Nils Vetlesand
konst. fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.01.2015

Eit 2-årig obligasjonslån på 360 mill. kr har forfall den 12. januar 2015. Renta på lånet har vore 3 mnd. nibor + 0,16 %.

Det har skjedd store endringar i rentemarknaden siste månaden. Ikkje minst har ein sett eit kraftig fall i lange renter. Ein kan no binde renta i t.d. 5 år og få same eller lågare rente enn den flytande renta.

Fylkeskommunen hadde ved årsskiftet bunde renta på 56 % av låneporteføljen. Om ein går over frå flytande til fast rente på lånet som no skal refinansierast, vil ein passere grensa på 60 % som er fastsett i finansreglementet.

Det kan difor vere naturleg å ta opp eit tilsvarande lån som ein har hatt, der renta er 3 mnd. nibor + ein fast margin. Marginen vert litt høgare dess lenger løpetid lånet har.

360 mill. kr er nokså nær det ein forventar å betale i avdrag i 2016. (Det er ført opp 370 mill. kr i økonomiplanen.) Fylkesrådmannen går inn for at ein i denne omgang tar opp eit nytt lån fram til oktober 2016.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde den 08.01.2015 og har fått inn følgjande tilbod:

Tabellen viser margin over 3 mnd. Nibor:

Swedbank First Securities	0,100 %
Danske Bank Markets	0,140 %
Nordea Markets	0,150 %
SEB Merchant Banking	0,150 %
DNB Markets	0,157 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Swedbank First Securities. Dette gjev ei rente første 3-månaders perioden på 1,53 %.